

---

Områdereguleringsplan med konsekvensutgreiing

Langelandskogen og deler av Frekhaug nord

Medverknadsplan



Meland kommune



## MEDVERKNADSPLAN

PLANASAK	<b>Langelandskogen og deler av Frekhaug nord Områdereguleringsplan</b>	PLANID <b>1256 2017 0004</b>
EMNE	<b>Medverknadsplan</b>	
TILTAKSHAVER	<b>Meland kommune (MK) Vest-Land Eiendom AS (VE)</b>	
PLANMYNDIGHET	<b>Meland kommune</b>	Plankonsulent      Multiconsult Norge AS
KONTAKTPERSON	Kristin Nåmdal (MK) og Stian Hviding (VE)	Fagansvarlige      Héctor Piña, Torunn Åsheim, Vegard Eriksen, Linnea Karlsen

01	03.04.2018	Medverknadsplan – revisjon Meland kommune	HEPB, VE, LK, TÅ	KN	HEPB
00	16.03.2018	Medverknadsplan – utkast 01	HEPB, VE, LK, TÅ	VE	HEPB
REV.	REV. DATO	Skildring	UTARBEIDD AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

ID:1256 2017 0004

## Innhold

<b>1</b>	<b>Bakgrunn</b> .....	<b>5</b>
	Om områdeplanen .....	5
	Krav om medverknad i planlegging .....	5
	Medverknad i planprogrammet .....	6
	Medverknad og verdikartlegging i konsekvensutgreiingsarbeid .....	6
	Samkøyring av medverknad .....	6
<b>2</b>	<b>Tiltak for medverknad</b> .....	<b>7</b>
	Intensjonen .....	7
	Tematisk tilnærming .....	7
	Målgrupper .....	8
	Forslag til tiltak.....	8
	2.1.1 Visuell arena for kommunikasjon (lav-terskel).....	8
	2.1.2 Medverknad Barn .....	9
	2.1.3 Medverknad Ungdom .....	10
	2.1.4 Medverknad Tur- og friluftslivgrupper.....	12
	2.1.5 Medverknad Vaksne .....	14
	2.1.6 Andre møte .....	17
	Framdriftsplan.....	17

# 1 Bakgrunn

## Om områdeplanen

Det skal utarbeidast ein områdereguleringsplan i tråd med pbl. §§ 12-1 og 12-2 for området Langelandskogen og deler av Frekhaug nord i Meland kommune. Mesteparten av Langelandskogen er sett av som utbyggingsområde i den gjeldande kommuneplanen sin arealdel (KPA). Planområdet er 322 dekar stort. Planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing jf. Forskrift om konsekvensutgreiing. Landbruksarealet i sør og skogområdet i nord er sett av til LNFR i kommuneplanen. Vurdering av bruken av desse områda er sentral i konsekvensutgreiinga.

Planområdet omfattar areal som overlappar gjeldande områdeplan for Frekhaug senter (Lonena). Eit sentralt tema i planen er området si kopling til Frekhaug (sentrum), skule- og idrettsområdet på Sagstad og bustadområda på Fosse og vidare mot Flatøy og Knarvik. Lokalisering av funksjonar og området sin friluftslivverdi vil vere viktige drøftingar i planarbeidet, saman med drøftingar om folkehelse, born og unge og mobilitet.

Planarbeidet skal utførast som eit offentleg-privat samarbeid mellom Meland kommune og Vest-land eiendom AS. Meland kommune er planmynde og Multiconsult Norge AS er plankonsulent.

## Krav om medverknad i planlegging

Kapittel 5 i pbl. om Medvirkning i planlegging stiller følgjande krav:

### *§ 5-1 Medvirkning*

*Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.*

*Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.*

### *§ 5-2 Høring og offentlig ettersyn*

*Når loven her bestemmer at et planforslag skal sendes på høring, skal forslaget sendes til alle statlige, regionale og kommunale myndigheter og andre offentlige organer, private organisasjoner og institusjoner, som blir berørt av forslaget, til uttalelse innen en fastsatt frist.*

*Når loven her bestemmer at et forslag skal legges ut til offentlig ettersyn, skal minst ett eksemplar av forslaget være lett tilgjengelig for alle, slik at enhver kan sette seg inn i det. Ved kunngjøring av planutkast skal det gjøres oppmerksom på om det foreligger alternative utkast til planen som ikke har vært eller vil bli kunngjort. Det skal i tilfelle også opplyses at de er tilgjengelige på planmyndighetens kontor.*

*Det skal legges til rette for elektronisk presentasjon og dialog i alle faser av planprosessen.*

*Nærmere krav til høring og offentlig ettersyn framgår av bestemmelsene for den enkelte plantype.*

### *§ 5-3 Regionalt planforum*

*I hver region skal det være et regionalt planforum. I planforumet skal statlige, regionale og kommunale interesser klarlegges og søkes samordnet i forbindelse med arbeidet med regionale og kommunale planer.*

*Regional planmyndighet oppretter regionalt planforum. Statlige og regionale organer og kommuner som er berørt av den aktuelle sak, skal delta. Andre representanter for berørte interesser kan inviteres til å delta i planforumets møter. Regional planmyndighet har ansvar for planforumets ledelse og sekretariat*

## Medverknad i planprogrammet


Med heimel i krav om medverknad i pbl. §§ 5-1, 5-2 og 5-3 vart det i områdeplanen sitt planprogram kapittel 7.1 at det skal utarbeidast ein eigen plan for medverknad som en del av planprosessen. I planprogrammet heiter det at:

*Planen for medverknad skal ha eigne tiltak som skal sikre medverknad for einskildgrupper som barn, unge, mjuke trafikantar mv. Tiltaket vil mellom anna vere:*

- *Involvera Meland Ungdomsråd*
- *Opne kontordagar*
- *Opne informasjonsmøte*
- *Publisering på Meland kommune, Multiconsult og andre aktuelle nettsider*
- *Samarbeid med lokalavisene*

## Medverknad og verdikartlegging i konsekvensutgreiingsarbeid

Planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing. Tema som skal konsekvensutgreiast er naturressursar (herunder landbruk og jordvern), naturmangfald, landskapsbilete, kulturminne- og kulturmiljø, friluftsliv og rekreasjon, samt stadsutvikling og arkitektur. Utgreiing og medverknadsarbeidet vil føregå parallelt i planprosessen. Spørsmål og tema som skal takast opp under medverknadsopplegget overlappar spørsmål og tema som skal konsekvensutgreiast. I størst mogleg grad vil informasjon som vert samla inn under medverknadsopplegget bli brukt i kartleggingen av verdiar i utgreiingsarbeidet. Dette blir spesielt relevant for tema som landskapsbilete, friluftsliv og rekreasjon samt stadsutvikling og arkitektur.



## Samkøying av medverknad

Parallelt med planprosessen for Langelandskogen og Frekhaug nord er det satt i gang en områdeplanprosess for regulering av området Dalstø - Mjåtveit sør fv 564 Rosslandsvegen. Denne planen vert utarbeidd av Meland kommune i samarbeid med Furefjellet AS, og Ard Arealplan som plankonsulent. Av omsyn til å samordne intensjonar og målsetningar i begge planane, samt effektivisere ressursar under planlegginga, vil Meland kommune og samarbeidspartnarar Vest Land eiendom AS og Furefjellet AS samkøyre medverknadsprosessen til desse områdeplanane

## 2 Tiltak for medverknad

Med utgangspunkt i områdeplanen sitt hovudtema, føremål og problemstillingar er det tatt ei fagleg vurdering rundt kva grupper som har særskilt behov for medverknad. Det er utarbeida eit opplegg for medverknad som svarar på desse vurderingane og som er meint å dekke medverknadsbehova i planarbeidet. Opplegget er også meint å tilfredsstille krav i pbl. § 5-1. I kapittel 2 følgjer ei skildring av kva grupper som er vurdert som særskilte grupper med behov for tilrettelagt medverknad og ei skildring av innhaldet i sjølve medverknadsopplegget for kvar gruppe.

Saksgangen av områdeplanen sikrar også medverknad gjennom lovpålagte høyringar og offentleg ettersyn, jf. pbl. § 5-2. Alle innkomne uttaler vil verte vurdert, kommentert og i den grad det er mogleg, tatt med vidare i planframlegget. Grunneigarar og andre med rettar i området, interesseorganisasjonar, faginstansar og styremakter på kommunalt, regionalt og statleg nivå vil få tilgang til utkast av plandokumenta for uttale. Det skjer gjennom annonsar i lokalavisa, brev og ved at alt planmaterieill vert lagt ut på Meland kommune og plankonsulenten sine nettsider.

Planarbeidet skal også jf. pbl. § 5-3 presenterast i Hordaland fylkeskommune sitt Regionale planforum. Sjå framdriftsplan for medverknad i side 17 for meir detaljer.

### Intensjonen

Intensjonen med medverknadsopplegget er:

- Å kartlegge eksisterande fysiske eller kvalitative verdiar og identitetsmarkørar i området. Å få fram kva verdiar som er viktig å bevare eller byggje vidare på i planarbeidet/plantiltaket, eventuelt kva verdiar som vert sakna eller manglar.
- Å drøfte og få fram korleis områdeplanen moglegvis kan bidra til ei positiv utvikling for heile Frekhaugområdet.
- Etablere ein uformell, «lav-terskel» arena for kommunikasjon mellom aktørar og for innspel frå målgruppa for planarbeidet.
- Å forankre planprosessen lokalt blant befolkninga.

### Tematisk tilnærming

Det vert vist til planprogram for områdeplanen kapittel 6; Berekraftprinsipp og hovudutfordringar. Her er det avklart 5 tema/fokusområder for planarbeidet: 1) Blågrøn infrastruktur og identitet, 2) Mobilitet og folkehelse, 3) Arealbruk, 4) Stadstruktur, 5) Trinnvis utbygging. Medverknadsopplegget vil ta utgangspunkt i problemstillingar som går under dei ovannemnte tema. Heilt overordna vil opplegget søke svar på følgjande spørsmål:

- Kva er det som definerer Frekhaugs identitet for dei ulike gruppene
- Korleis brukar målgruppene området
- Korleis kan planen ivareta de positive aspekta ved eksisterande bruk gjennom ei utbygging
- Korleis kan planen tilfredstille areal- og kvalitetsbehov i området

## Målgrupper

- Barn
- Ungdom
- Turgårar/friluftsliv-interesserte
- Vaksne

## Forslag til tiltak


### 2.1.1 Visuell arena for kommunikasjon (lav-terskel)

Det vert føreslått å bruke sosiale medier som ein måte å etablere ein lav-terskel arena for medverknad og kommunikasjon i planprosessen. Dette kan ein oppnå med å etablere ein profil for planarbeidet i plattform Instagram. Instagram er først og fremst eit visuelt medium som brukar fotografi og video men med desse følgjer også korte tekster. Vi vurderer tiltaket som både eit reiskap for å samle informasjon og få innspel frå målgruppene, og som ein effektiv måte å kommunisere framdrift og aktivitet i planarbeidet ut til offentlegheita.

#### Skildring:

Profilen er meint å vere eit prosessverktøy. Profilen vert etablert og administrert/drifta av plankonsulenten føresett godkjenning av Meland kommune. Profilen vil fungere som ein «offisiell» instagram-stad gjennom heile planprosessen og fram til planen sitt endelege vedtak. Profilen vil vert oppdatert jamnleg med fotografi og videoar som formidlar informasjon om planarbeidet. Profilen kan til dømes formidle registrert visuell informasjon frå synfaringar i og omkring planområdet, informasjon om folkemøter, møter med aktuelle aktørar og myndigheter, informasjon om framdrift, mv. Profilen vil også vere eit vesentleg reiskap for kommunikasjon under medverknadsoppleggene (t.d. ungdom og turgårar). Den vil mellom anna bli brukt til å ta imot og til å dele visuelle registreringar eller skisser gjort av ulike målgrupper frå dei ulike workshopar, eller andre relevante visualiseringar. Profilen vil om ikkje anna er avtalt bli sletta når planarbeidet er slutført og områdeplanen blir vedtatt.

Instagram



#### Forslag til namn:

Namnet bør være lette å hugse og klare å skape ein referanse som er lett å kjenne att til dei stadene som blir planlagt. Dersom det vert brukt andre ord enn stadnamn kan dette vere på nynorsk og bør ha eit positiv og framtidsretta fokus. Her følgjer nokre namn som er føreslått, lista er ikkje uttømmende:

@frekhaug\_framtid  
@frekhaug\_utvida  
@mitt\_frekhaug

Profilen vil vere lavterskel både for interesserte og for administrerande. Den kan etablerast med ein gong etter godkjenning av Meland kommune. Offentlegheita kan bli informert om verktøyet fortløpande via kommunes sine publikasjonar i Strilen.



### 2.1.2 Medverknad Barn

Barn treng særskilt tilrettelegging for å kunne medverke i planprosessen og er ei spesielt relevant gruppe å involvere. Områdeplanen skal også avklare plassering og kvalitetar for ein ny barnehage innanfor planområdet. Opplaget består av ein barnetrakk-registrering i regi av Meland kommune og plankonsulent Ard arealplan. Registreringane vil omfatte areal som tilsvarande planområda for både Langelandskogen områdeplan og områdeplan for Dalstø – Mjåtveit. (sjå kapittel 1.4). Opplaget vil involvere barn frå Sagstad barneskule. Ein vil ta i bruk metodar slik dei er skildra i plattformen [barnetrakk.no](https://barnetrakk.no).

Spørsmål som bør stillast til barna med tanke på område for Langelandskogen/Frekhaug nord:

- Er det nokon spesielle stadar som du hugsar i området? Kvifor?
- Kva er det finaste med området?



### 2.1.3 Medverknad Ungdom

Ungdom treng særskilt tilrettelegging for å kunne medverke i planprosessen. Ungdommen sin bruk av området har ikkje tidlegare vore kartlagt av Meland kommune. Det er meldt eit behov for attraktive møteplassar for denne målgruppa. Planen skal også avklare plassering og kvaliteter for ein ny ungdomskule i området. Alt det ovannemnte gjer ungdom til ei spesielt relevant gruppe å involvere.

Medverknad for ungdom vert føreslått gjennomført som ein 3-timar lang workshop på ein tysdag ettermiddag i april. Der vert Ungdomsrådet, elevrådsrepresentantar og ungdomsklubben invitert. Workshopen vert delt inn i tre tematiske bolkar:

#### 1. Kartregistrering av bevegelse og møteplassar – eksisterande bruk

I den første delen vert det føreslått ei enkel registrering av ungdomstrakk. Metodisk blir denne delen av opplegget ei analog tilpassing av metoden frå [barnetrakk.no](http://barnetrakk.no). Ungdommane får utdelt kart og får i oppgåve å teikne inn deira daglegdagse bevegelsemønster og møteplassar (formelle og uformelle). På denne måten får vi registrert eksisterande bruk og kvalitetar i området. Oppgåva er også ein fin introduksjon til dei etterfølgjande oppgåvene, der ungdommane skal jobbe meir sjølvstendig med gruppearbeid og fotografering/filming.

#### 2. Stadsqualitetar, identitetskjenle, sakn/ønskjer og forbetningsmoglegheiter

I den andre bolken ønskjer vi at ungdommane skal gå ut og registrere stadsqualitetar, identitetskjenle, sakn/ønskjer og forbetningsmoglegheiter. Dette gjerast ved bruk av mobiltelefon. Dei kan legge ut bilete i egne instagram-profiler med utvalde hashtaggar (#) eller sende til konsulenten for utdeling. Der søker vi å finne svar på:

- Kva symboliserer Frekhaug?
- Kva er favorittstadene? Kvifor vert desse opplevd som bra stader?
- Kva saknar ungdommane på Frekhaug?
- Finnast det stader med forbetningspotensial? Korleis kan stadene forbetrast?

#### 3. Ny ungdomsskule

I den tredje bolken vil vi fokusere på spørsmål relatert til framtidig ny ungdomsskule. Ungdommane får i oppgåve å vise kor dei tenker skulen kan vere og kva slags tilbod skulen kan ha. Dette gjerast ved bruk av mobiltelefon. De kan ta bileter og skrive tekst på bileta, eller lage korte videoar som illustrerer svar. Bileta kan leggst ut i egne instagram-profiler med utvalde hashtaggar (#) eller sendast til konsulenten for utdeling. Her søker vi å finne svar på:

- Kvar i området ville du plassert skulen? Kvifor?
- Kan ungdomsskulen tilby noko meir enn å være ein skule? Kva slags andre funksjonar kan skulen ha?
- Kva må til for at du skal ha lyst til å vere på skulen/skuleområdet etter skuletid?

Resultatet frå dei ulike oppgåvene vert samanfatta ved workshopen sin slutt.

I etterkant vert det utarbeidd eit kart som samanfattar ungdomstrakkregistringar. Det skal også lagast eit digitalt hefte som samlar erfaringar og dokumentasjon ungdom gjorde denne dagen og kva dei kom fram til. Heftet vil kunne sendast til ungdommen i ettertid og fungere som vedlegg til planframlegget.

## Forslag til program Ungdomworkhop

Varighet: 3 timer.

Tidspunkt: kl. 17.00 – 20.00

Stad: Ungdomsklubben og/eller Meierihuset

Matsservering og introduksjonsrunde	17.00 – 17.15
Introduksjon Langelandskogen områdeplan	17.15 – 17.30
Ungdomstrakk	17.30 – 18.00
Tur i nærområdet/Langelandskogen	18.00 – 19.30
Felles gjennomgang/oppsummering	19.30 – 20.00

- **Matsservering** – ete pizza samstundes som ein introduserer deltakane.
- **Introduksjon om arbeidet.** Kvifor er det viktig å engasjere ungdom? Vi må vise kva vi trenger hjelp med og vise tildømer. Vis program for dagen
- **Ungdomstrakk – alenearbeid i lokalet**
  - o Bruk og bevegelse – registrer eksisterande møteplassar og gangruter i kart.
- **Ut å gå – bildar på instagram/video**
  - Inndeling i grupper for gruppearbeid

Individuelt arbeid:

- o Gå ut og registrer stadskvalitetar, identitetskjenne, sakn/ønsker og forbetningsmoglegheiter.
- o Finn ting/stadar som symboliserer Frekhaug – ta bilete og beskriv med 1 ord.
- o Finn din favorittstad på Frekhaug – ta eit bilete og skriv 1-3 ord om kvifor.
- o Kva saknar du på Frekhaug? – ta bilete som skildrar/symboliserer det du saknar og skildre med ei setning til kvart bilde.
- o Finn ein stad med betringspotensial. Ta eit bilete og skildre med to setningar kva som ikkje er bra og korleis staden kan betrast.

Gruppearbeid:

Framtidig ny ungdomskule – Lag ein morosam biletserie og/eller ein kort video (instagram, snapchat-lengde) der du svarar på eller seier dine meningar om følgjande spørsmål:

- o kor i området bør den nye ungdomsskulen vere? Kvifor?
- o Kan ungdomsskulen tilby noko meir enn å vere en skule? Kva slags andre funksjonar kan skulen ha?
- o Kva må til for at du skal ha lyst til å vere på skule etter skuletid?

- **Felles gjennomgang / oppsummering**
  - o Vis instagrambildar og videoar til forsamlinga
  - o Refleksjon frå gruppeleiarane. Har alle fått bidrege? Nyttig?
  - o Evt. kort spørjeundersøking om opplegget (to spørsmål, skriftleg)

Mulige hashtag (#) som kan brukast for å gjere bileta søkbare: #ungfrekhaug, #langelandskog\_plan, #symbol\_frekaug, #favorittstad\_frekaug, #sakn\_frekaug, #forbetring\_frekaug, #nyungdomsskule\_frekaug

#### 2.1.4 Medverknad Tur- og friluftslivgrupper

Sjølv om det meste av Langelandskogen allereie er sett av til utbygging i KPA, er utbyggingsområdet anlagt med turstiar og store delar av området er skogdekt. Langelandskogen grensar til eit friluftsområde/Storeknappen, eit turområde som også er mykje brukt. Turgåarar og friluftslivinteresserte er vurdert som ei viktig målgruppe i kraft av bruken dei gir området og lokalkunnskapen som følgjer med dette. For å ivareta friluftslivomsynet på ein god måte vil det krevje ein særskilt dialog med denne gruppa, mellom anna rundt måtane utbygginga kan skje.

Vi inviterer representantar frå turgruppene: Ganglaje, Orienteringsgruppa i Kvernbit, Turlaget og Opptur Meland. Ideelt sett vil det være 2 deltakarar frå kvar gruppe (til saman 8 personar). Føremålet med opplegget er først og fremst å gjere ei kvalitativ registrering av området gjennom lokale auge. Opplegget består av 3 bolkar:

##### 1) Introduksjon

Den første bolken startar på oppmøtestaden (eit møterom på Rådhuset) der vi gir ein kort introduksjon av pågåande planarbeid. Vi presenterer hovudutfordringane som områdeplanen må gi eit svar på, med særleg fokus på det som angår forhold friluftslivinteresser og utbygginga. Vi presenterer døme på måtar desse utfordringane kan løysast på. Vi avsluttar den første delen med å stille deltakarane spørsmåla som vi ønskjer å drøfte, før vi går ut til området



##### 2) Tursamtaler

Den andre bolken består av tursamtaler. Deltakarane deles i 3 grupper. Kvar gruppe har med seg ein konsulent-gruppeleiar. Med utgangspunkt i spørsmåla som vart stilt (før dei gikk ut), vert det ført ein tursamtale i området. Samstundes som vi går, deler deltakarane tankar, innspel, anekdotar, osv. Dei gjer seg også observasjonar på dei ulike stadane. Gruppeleiarane har med seg flagg/pinnar som vi festar på aktuelle stadar. Vi oppfordrar deltakarane også til å registrere observasjonane med bilete/tekst ved bruk av mobiltelefon. Desse bileta legg vi også ut på instagram.

### 3) Felles samling/mat/oppsummering.

Den tredje og siste bolken er ei felles samling ute, på ein stad i området som blir avtalt på førehand (avhengig av ver kan dette skje i ein gapahuk i friområdet). Vi har med noko mat og noko varmt å drikke som vi kan dele ut). Vi held samtalen med heile gruppa saml og har ein felles gjennomgang av tankar og innspel som har komme fram under turen og samtalane.

#### **Forslag til Program for Turgruppene**

Varighet: 3 timer.

Tidspunkt: kl. 16.00 – 19.00

Sted: Oppmøte på møterom Rådhuset/Langelandskogen

Introduksjon	16.00 – 17.00
Tur i Langelandsskogen	17.00 – 18.00
Felles samling/mat/ avslutning	18.00 – 19.00

#### - **Introduksjon**

- Presentasjon av planarbeid og status
- Presentasjon av utfordringar knytt friluftsliv-interesser
- Gjennomgang av opplegg for tursamtaler / evt. vegleing for aktivering av mobil GPS/foto

#### - **Tur i Langelandskogen**

Gruppa vert delt i 3. Alle går gjennom ulike delar av området.

Tema til tursamtaler:

Generelle spørsmål om Meland/Frekhaug:

- Kva identitet har staden?
- Kvifor vel folk å bu i Frekhaug-området?
- Kva er dei spesielle kvalitetane ved staden?
- Kva treng Frekhaug?

Generelle spørsmål om Langelandskogen:

- Kva er dei spesielle kvalitetar ved området?
- Korleis brukar de området?
- På kva måtar kjem en til friområdet gjennom planområdet? Kor er «inngangsportene»?
- Er det nokon stader eller kvalitetar ein bør ta vare på slik dei er i dag? Kva er desse og kvifor skal dei takast vare på?
- Korleis ta vare på kvalitetane i Langelandsskogen samstundes som ein legg til rette for bustadutvikling, infrastruktur og nødvendige tenestefunksjonar (ungdomsskule, barnehage, osv)
- Korleis ville de ha løyst utfordringa (veg, ungdomsskule, grønne verdiar, gang- og sykkel)?
- Korleis kan overgangen mellom friområdet og utbyggingsområdet være?

#### - **Felles samling/mat/ avslutning**

Drøftingar held fram med alle grupper samla. Alle får mat og drikke. Vi avsluttar med ein oppsummerande konklusjon av tankar og innspel som har komme opp.

Registreringer vil bli dokumentert, samla og formidla i eit avsluttande dokument. Dette dokumentet kan ettersendast turgruppa og vere vedlegg til plandokumenta.

Mulige hashtag (#) som kan brukast for å gjere eventuelle bildete søkbare: #langelandskog\_plan, #symbol\_frekhaug, #favorittstad\_frekhaug, #sagn\_frekhaug, #forbetring\_frekhaug

### 2.1.5 Medverknad Vaksne

Denne delen av opplegget vil sikte på å opne opp og oppfordre til innspel frå og kontakt med ein breiare del av lokalbefolkninga i nærområdet. Blant dei vaksne kan ein identifisere fleire «undergrupper» som kan vere relevant å ha kontakt med og få informasjon frå. I dei fleste tilfelle vil dei aktuelle spørsmåla som blir stilt vere dei same. Avhengig av profil og bakgrunn vil ein likevel kunne få veldig ulik informasjon som potensielt kan gi et meir samansett bilete av området, behova og omsynet. Det er også sannsynlig at same person faller inn under fleire av kategoriane eller «undergrupper». Blant de vaksne kan følgjande «undergrupper» listast opp:

- **Lokale:** Med lokale meiner ein vaksne som i store deler av livet har hatt ei tilknytning og eit tilhøyretil området. Denne gruppa kan ein anta å har ei forståing for staden og stadsutviklinga. Dei kan kjenne på ein stadsidentitet som strekk seg lenger tilbake i tid (enn tilflyttarar i seinare tid). Representantar frå denne gruppa kan potensielt formidle historisk informasjon og fortelle om identitetsmarkørar som elles blir vanskeleg å fange opp. Relevante spørsmål:
  - Kva fysiske eigenskapar eller kva aspekt hugsar du frå tildlegare år, barndommen, ungdommen, osv?
  - Er det fysiske eigenskaper eller forhold som fantes før i området som ikkje lenger finns eller er annleis i dag? Det kan være alt frå ein plass, eit bygg, ein spesiell type tre, blome, ei lukt eller ein lyd?



- **Tilflyttarar:** Med tilflyttarar meiner ein vaksne som har busett seg i området men som opphavelgkjem frå andre kommunar/stader. Denne gruppa kan ein anta å ha en andre referansar og erfaringar og ei anna forståing for staden enn dei som i store delar av livet har budd i området. Representantar frå denne gruppa kan potensielt formidle noko om stadskvalitetar som skil Frekhaug frå andre potensielle bustadar. Relevante spørsmål:
  - Kva fysiske eigenskapar eller kva aspekt gjer at du synes det er attraktivt å bu i området?
  - Kva set du pris på i området som ein ikkje finn andre stader?



- **Barneforeldre:** Området viser seg å ha attraktive kvaliteter for barnefamilier. Relevante spørsmål:
  - Korleis kan dei fysiske omgivingane tilretteleggast for at kvardagen som barneforeldre blir enklare?
  - Kva fysiske kvaliteter vil vere viktig å ha tilgang til i de næromgivingane ?



- **Pendlarar:** Med pendlarar meiner ein vaksne som i kvarrdagen pendlar med buss, båt eller bil til jobb til andre kommunar. Det vert antatt at denne gruppa vil ha særskilt behov knytt til det å vere pendlarar. Relevante spørsmål her vil vere:
  - Korleis kan dei fysiske omgivingane tilretteleggast for at pendleopplevinga med kollektivtransport til jobb blir betre/pendlarrutinen enklare?
  - Kva fysiske kvaliteter vil vere viktig å ha tilgang til i dei nære omgivingane på dei dagane ein ikkje pendlar?



- **Eldre:** Området viser seg å ha attraktive kvaliteter for dei eldre. Relevant spørsmål:
  - Korleis kan dei fysiske omgivingane tilretteleggast for at kvardagen som pensjonist blir betre?
  - Kva fysiske kvaliteter vil vere viktig å ha tilgang til i dei nære omgivingane?

### Forslag til «Pop up Kafé»

Varighet: 3 timer.

Tidspunkt: kl. 08.00 – 15.00

Sted: Frekhaug (utvalt sted ute)

For å nå gruppene foreslår vi å halde ein open kontordag i samarbeid med Meland kommune. «Kontoret» vert plassert ute i det offentleg rom i form av ein «Pop-up Kafé». Interesserte kan komme dit for å stille spørsmål, få informasjon og komme med innspel til planarbeidet. Et spørjeskjema vil vere tilgjengelig der alle interesserte kan krysse av for kva «undergruppegrupper» dei eventuelt høyrer til, samt svare på spørsmål om staden. Spørjeskjemaet vil også ha eit kart over planområdet der det vil vere mogleg å teikne på. Plandokument, visualiseringar samt tusj/pennar og ark vil også være tilgjengelig. Interesserte vil også verte oppfordra til å registrere kvalitetar ved området med mobiltelefonen og dele desse ut på instagram under aktuelle hashtag.



«Pop-up Kafé» vil bestå av eit bord og nokre stolar på ein synleg stad i Frekhaug sentrum. Den utvalgte staden må vere eit målpunkt for mange på staden, til dømes ved inngangen til Kiwi-butikken, på utsida av inngangen til Rådhuset eller ved busshaldeplassen. Det vil vere kaffi og ein matbit å få (til dømes et kakestykke eller ein vaffel). «Pop-up kafeen» vert annonsert på førehand via sosiale media (instagram), kommunen si nettside og lokalavisa. Det kan også sendast spesielle førespurnadar om oppmøte til aktuelle grupper, til dømes Eldrerådet. Det er også mogleg å dele ut spørjeskjema ved båtkaia på aktuelle tidspunkt same dag.



### 2.1.6 Andre møte

Det vil etter behov bli halde møte med relevante myndigheter, til dømes Statens vegvesen, BKK. I samband med utlegging av planframlegget til offentlig ettersyn vil ein arrangere eit folkemøte. Møtet vert annonsert gjennom kommunale kanalar, sosiale media og lokalavisa. Til dette folkemøtet vil ein sende ein særskilt invitasjon til turgruppene. Det vil også bli gjort ein kort presentasjon av planframlegget for Ungdomsrådet på eit av deia møte under høyringsperioden.

### Framdriftsplan

Fasar i planarbeidet	Informasjon	Tiltak Medverknad	Kommunal handsaming	Framdrift/dato
Vedtak om oppstart av planarbeid			Formannskapet	Haust 2017
Kunngjoring av oppstart av og offentlig ettersyn av planprogram.	Kunngjering av framlegg til planprogram. Innspel frå offentlege etatar og partar		Meland kommune /Multiconsult	Desember 2017 - Januar 2018
Vedtak av planprogram			Kommunestyret	Mars 2018
Medverknad og Konsekvensutgreiing	-Innsamling av kjent kunnskap om planområdet -Synfaring og registrering -Drøfting med fagetatar og partar. -Utgreiing.	Born  Ungdom  Turgrupper  Vaksne/open kontordag/kafé  Regional Planforum		April / mai 2018
Utarbeiding av framlegg til reguleringsplan			Meland kommune /Multiconsult	Mars 2018 - August 2018
1. gongs handsaming av planforslag			Formannskapet	September 2018
Offentleg ettersyn av planforslaget	-Ope møte -Offentlege etatar -Allmennheten	Folkemøte  Møte med Ungdomsrådet		November 2018  November 2018
2. gongs handsaming og ev.t tillegg KU	-Gjennomgang av merknader - Prosess med partar før endring av planen		Meland kommune/ Multiconsult	Vår 2019
Vedtak av reguleringsplan			Kommunestyret	Vår 2019